

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 210	15/2786

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
128/2015	Formannskapet	PS	04.11.2015

## Økonomisk rapportering september 2015

### Vedlegg:

Vedlegg 2-Rapport investeringer pr sept 2015

Vedlegg 1-Status rekneskap-budsjett pr september 2015

### Saksopplysningar:

Vedlagt følgjer rapportering av status driftsrekneskap (vedlegg 1) og investeringsrekneskap (vedlegg 2) per 31. august 2015.

### Driftsrapport:

Rapporten viser same status totalt for kommunen som i rapporteringa pr august.

I sum reknar vi med å komme ut innanfor driftsrammene for 2015. Vi forventar reduserte skatteinntekter, meirforbruk på Vestbygd skule og noko auke i utgifter til husleie på kultur med til saman kr 1,2 mill, men reknar med å kunne spare dette inn ved mindreforbruk på andre tenesteområde, sjølv om det einiskilde område ikkje har identifisert desse i sine kommentarar i vedlagte rapport.

Sum skatt og rammetilskot ser ut til å verta kr 0,7 mill lågare enn estimert grunna lågare folketal pr 1.1.2015 enn rekna med i budsjettet for 2015, samt nasjonal skattesvikt i 2014 og 2015 som ikkje vert fullt ut dekkja inn gjennom revidert nasjonalbudsjett. Lågare rentenivå enn budsjettert så langt i 2015 gjev innsparing, men denne er ikkje berekna i detalj. Det er tidlegare meldt om eit mogleg meirforbruk på kr 600.000 på barnevernsområdet. Per september ser det ikkje ut som at området får denne kostnadsauken og tenesteområdet ser ut til å gå i balanse, men dette er fortsatt noko usikkert.

### Investeringsrekneskapen:

Rapport over driftsinvesteringar og investeringar innan syner at påløpte investeringskostnader per 30.09.2015 er på totalt kr 21,3 mill (sjå kolonna Rekneskap 2015 hittil på side 5 i investeringsrapporten). Av dette er kr 14,1 mill ordinære driftsinvesteringar og kr 7,1 mill investeringar innan Vassverk og Avlaup.

Vedteke budsjettet etter justering i kommunestyremøtet 9. sept. er totalt på kr 60,2 mill (inkl. startlån), kr 44,3 mill for ordinære investeringar og kr 15,9 mill for VA-prosjekter. Prognosen for 2015 syner at investeringskostnadane kjem til å enda opp litt lågare, på kr 59,2 mill.

**Framlegg til vedtak:**

«Formannskapet tek økonomisk rapportering for september 2015 til vitande»

**Formannskapet - 128/2015**

**FS - behandling:**

Rådmann og økonomisjef orienterte.

**FS - vedtak:**

«Formannskapet tek økonomisk rapportering for september 2015 til vitande»